



Både Torfinn Myklebust (til høgre) og Knut Prestnes gjekk i mot nedleggjing av skular. Bak sit rådmannen og dei to kommunalsjefane.
(Foto: Ola Matti Mathisen)

Berre varaordfører Synnøve Handeland frå Venstre og Otto Benjaminson frå Kristeleg Folkeparti røysta for nedleggjing av skular då saka kom opp i formannskapet torsdag. Blant dei 7 som no var i mot var også uskedelingen Torfinn Myklebust frå Innbyggjarpartiet, som tidlegare var stemt for ei endring av skulestrukturen.

Han meinte no med bakgrunn i utgreiinga av saka at det ikkje er store pengar å spara på ei endring. I alle fall er det ikkje no mogeleg å seia i kva for retning økonomi-pendelen svingar.

Det var etter førre skuleutgreiing i starten av førre periode Myklebust til slutt vart for nedleggjing. Han syntes denne utgreiinga var tydelegere for dette enn den nye utgreiinga. Så nullstilte han seg foran den siste og har etter kvart tvilt seg fram til ikkje å gjera noko.

Myklebust strekar under at han ikkje har snudd i løpet av denne prosessen, men at han har eit anna syn enn då saka var oppe for 4-5 år sidan.

Rådmannen hadde gått inn for overføring av Bringedalsbygda til Uskedalen, men Myklebust ville at ei eventuell overføring skulle skje til Husnes. Han viste til at Uskedalen i tilfelle må utbyggjast og at Bringedalsbygda tradisjonelt soknar til Husnes både når det gjeld ungdomskule og handel - i tillegg til det reint kjenslemessige.

Benjaminson gav uttrykk for at ei utsetjing av strukturelle endringar vil kosta mykje. Difor måtte politikarane ta ansvar no, meinte han og Handeland gav uttrykk for det same.
- Gjer vi ikkje det sender vi berre rekninga til framtidige politikarar, held ho fram.

Knut Prestnes (Sp) varsla framleggjing av eit nytt forslag når saka kjem til kommunestyret sjølv om hans parti gjekk til val på ei endring av skulestrukturen for å betra innhaldet i skulen. Han konstaterte at det no ikkje er fleirtal for ei endring.

Av Ola Matti Mathisen